

Næringsanalyse for Vang kommune

26.02.26

- 1 Innleiing, formål og arbeidsmetode
- 2 Kultur for næringsutvikling og næringsmiljø i Vang
- 3 Rammevilkår og makroforhold som påverkar næringsutvikling i Vang
- 4 Demografi og samfunn
- 5 Næringsstruktur i Vang
- 6 Innsiktsarbeid og medverknad
- 7 Konklusjon og tilrådingar

Innleiing, formål og arbeidsmetode

1

Innleiing og formål med næringsanalyse



Vang kommune skal innan juni 2026 utvikle strategisk næringsplan for Vang kommune, som skal byggje på mål og prioriteringar i kommuneplanen sin samfunnsdel «Vang mot 2040».


Den strategiske næringsplanen er særleg forankra i hovudmålet om at Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv, og at næringslivet i samarbeid med kommunen skal legge til rette for utvikling av 20 nye arbeidsplassar årleg fram mot 2040 (totalt 300 arbeidsplassar). I sum utgjer dette over ei dobling av private arbeidsplassar i kommunen.

I samfunnsplanen er det spesifikt peika på betydninga av å utvikle Tyinkrysset og Filefjell som heilårs reiselivsdestinasjon, styrking av landbruket med vekt på husdyrhald, lokal ressursutnytting og vidareforedling, samt tilrettelegging for utvikling av næringsareal og ny næring. Vidare er berekraftig utvikling av reiselivet og god besøksforvaltning framheva som viktige satsingar.

Med middels folketalsframskriving skal folketalet i kommunen auke med 328 i middelalternativet. Den største auken er talet på personar over 80 år, samt at talet på personar i yrkesfør alder aukar i kommunen.

Målet om 300 nye arbeidsplassar innan 2040 er ambisiøst. Samstundes er det avgjerande at Vang tek vare på og vidareutviklar dei bedriftene som allereie står sterkt i lokalsamfunnet, då desse utgjer ein solid grunnmur for vidare vekst. Det inneber at næringsutvikling må bli eit felles prosjekt for heile kommunen. Både offentlege, private og frivillige miljø må ta ansvar og forplikte seg til å jobbe i same retning mot felles mål. Ein må jobbe målretta og langsiktig med omdømebygging rundt Vang som næringskommune for å tiltrekke seg miljø som er villige til å investere i lokalt næringsliv. Omdømebygging rundt Vang som bu- og arbeidskommune blir avgjerande for å lukkast med rekruttering til nye arbeidsplassar, m.a. sett i lys av at Vang har låg arbeidsløyse i dag.

I denne fasen er målet å utarbeide ei næringsanalyse som skal nyttast som kunnskapsgrunnlag til den nye næringsplanen. Innsiktsfasen har lagt vekt på brei medverknad frå ulike bransjar og aktørar i breidda av lokalt næringsliv, næringsmiljø samt politisk og administrativ leiing i kommunen. Formålet har vore å skape god forankring for arbeidet til den vidare prosessen.



Metodisk tilnærming



Kvalitativ og kvantitativ datainnsamling

Næringsanalysen byggjer på ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative metodar. Datagrunnlaget omfattar dokumentstudiar, intervju og samtalar med utvalde aktørar i næringsliv og kommune.

Den kvantitative delen baserer seg på statistikk frå offentlege kjelder om næringsstruktur, sysselsetting, utvikling i nøkkeltal og demografisk utvikling. Dette gir innsikt i overordna utviklingstrekk og strukturelle forhold som dannar eit viktig faktagrunnlag for vidare vurderingar.

Dokumentstudiar har vore nytta for å sikre forankring i eksisterande planar (både lokale, regionale og nasjonale), kunnskapsgrunnlag og føringar som er relevante for kommunen sitt vidare arbeid med næringsutvikling. Dette er viktig for å setje næringsutviklinga i ein breiare lokal og regional kontekst.

Den kvalitative innsikta er henta gjennom gruppeintervju eller enkeltintervju av representantar frå utvalde bransjar; reiseliv

og opplevingsbasert turisme, kultur, varehandel, bygg og anlegg, landbruk og kontorfellesskapet som er lokalisert på kommunehuset. Det er vidare gjennomført samtalar med representantar frå sentrale næringsmiljø som Visit Valdres, Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark og Vang Utvikling. Politisk og administrativ leiing i kommunen samt fagmiljø som jobbar med næringsutvikling eller grensesnitt til desse oppgåvene (arealplanlegging, regulering og tekniske tenester) er også intervjuar.

Intervjudagane vart avslutta med frukostmøte for presentasjon og oppsummering av førebelse funn. Her fekk også deltakarane høve til å stille spørsmål og kome med tilbakemeldingar på arbeidet.

Metoden har hatt som mål å sikre brei medverknad frå ulike delar av næringslivet og kommunen, samstundes som analysen skal byggje på kommunale planar og relevante kunnskapsgrunnlag. Målet har vore å fange opp faktiske utviklingstrekk, fortrinn ved Vang som næringskommune og opplevde moglegheiter og utfordringar for næringsutvikling.

Forankring og perspektivmangfald

Intervjua har avdekt ulike perspektiv på utvikling, prioriteringar og rammevilkår for næringslivet. Desse speglar ulike interesser og roller, og er framstilt med mål om å gi eit mest mogleg balansert og heilskapleg bilde i rapporten.

Analysen skal fungere som eit kunnskapsbasert grunnlag for vidare strategiske val og prioriteringar, og støtte opp under kommunen sitt arbeid med utvikling av strategisk næringsplan.

Avgrensing ved metode

Analysen gir eit overordna og heilskapleg bilete av næringsutviklinga i Vang kommune, heller enn full presisjon på alle delområde. Formålet har vore å gi eit grunnlag for prioritering, strategisk retning og vidare planarbeid, ikkje å gje endelege svar på alle spørsmål knytt til framtidig næringsutvikling. Vurderingane er overordna og må følgjast opp gjennom vidare planlegging, politiske prosessar og medverknad frå vesentlege interessentar.

Kultur for næringsutvikling og næringsmiljø i Vang

2

Fleire studiar drøftar ulike sukseskriterier for næringsarbeid (1/2)



Organisering og innhald i kommunalt næringsarbeid

Distriktssenteret (2020) viser til at rolla som kommunal næringsutviklar i både Noreg og Sverige har blitt breiare og meir samansett over tid. Sjølv om utviklingstrekka i stor grad er samanfallande, er det valt ulike måtar å organisere næringsutviklingsarbeidet på.

I Noreg blir næringsutviklarrolla organisert gjennom fleire ulike modellar, mellom anna næringsavdelingar, kommunale føretak, interkommunale selskap, næringshagar og liknande ordningar. I nokre kommunar er ansvaret også lagt direkte til ordførar eller kommunedirektør.

Distriktssenteret (2020) viser til at nyare svenske undersøkingar (Torège, 2019; Hermelin & Trygg, 2018) peikar på ei tydeleg dreining i retning av å leggje næringslivsfunksjonen inn i den ordinære kommunale organisasjonen, samstundes som bruken av kommunale selskap går ned. Kommunal organisering framstår dermed som den dominerande modellen i svenske kommunar (Distriktssenteret, 2020).

Ei mogleg forklaring på denne utviklinga er eit aukande

behov for tettare samspel mellom næringslivsfunksjonen og andre kommunale ansvarsområde. Etter kvart som kommunane si rolle innan næringsutvikling også omfattar stadutvikling, sosiale møteplassar, bustadutvikling, attraktivitet og tilflytting, blir behovet for koordinering og samarbeid på tvers av kommunale einingar stadig større (Distriktssenteret, 2020).

Vang kommune har i tillegg til næringsrådgivar i kommunen samarbeid med lokale og regionale næringssselskap og destinasjonsselskapet i Valdres (sjå neste side), og det pågår no ein regional prosess for å avgjere framtidig organisering av dei viktigaste næringsmiljøa i Valdres.

Lokal tilpassing viktigare enn organisasjonsform

I notatet *Korleis rigge seg for å bli best på næringsutvikling* (Distriktssenteret, 2022) blir det peika på at fleire studiar av den kommunale næringsutviklarrolla tydeleg viser at det ikkje finst ei eintydig, universell suksessoppskrift når det gjeld organisering. Notatet viser mellom anna til at lokal tilpassing ofte er viktigare enn «beste praksis» når det gjeld organisering og gjennomføring av næringsutviklingsarbeidet.

Notatet frå Distriktssenteret konkluderer med at organiseringa i seg sjølv sjeldan er ein suksessfaktor, og at det viktigaste er korleis næringspolitikken faktisk blir gjennomført.

Betydninga av enkeltpersonar

Distriktssenteret (2022) framhevar at enkeltpersonar spelar ei avgjerande rolle for suksessen til næringsutviklingsarbeidet i kommunar. Erfaringar viser at kommunen si evne til å skape vekst og nye moglegheiter i næringslivet i stor grad er knytt til engasjement, initiativ og handlekraft hos enkeltpersonar.

Sjølv om gode system og strukturar er viktige, er det gjennom enkeltpersonar, som ordførar, kommunedirektør, eldsjeler eller frontfigurar i næringslivet at relasjonar blir bygde, tillit blir skapt og nye samarbeidsprosjekt blir sette i gang. I distriktskommunar har slike eldsjeler særleg stor betydning, då kommunen ofte er ein sentral aktør og innsatsen til enkeltpersonar får stor innverknad på utviklinga i lokalsamfunnet (Distriktssenteret, 2022).

Fleire studiar drøftar ulike suksesskriterier for næringsarbeid (2/2)



Politisk og administrativ forankring

Tydelege prioriteringar i den politiske og administrative toppleiinga i kommunen, saman med administrativ kontinuitet, bidreg til at næringsutvikling blir eit langsiktig og gjennomgåande satsingsområde (Distriktssenteret, 2020; 2022).

Ordførar og kommunedirektør blir løfta fram som særleg sentrale aktørar i dette arbeidet. Ordføraren blir skildra som ein viktig frontfigur, dørøpnar og nettverksbyggjar i samspel med næringslivet, medan kommunedirektøren og den administrative leiargruppa har ei nøkkelrolle i å følgje opp prioriteringar, sikre tilstrekkeleg kapasitet og koordinere arbeidet i organisasjonen.

Erfaringar frå mellom anna programmet *Næringsvennleg kommune* viser at resultatane er best i kommunar der toppleiinga gir næringsutvikling høg prioritet og deltek aktivt i utviklingsarbeidet (Distriktssenteret, 2022).

Andre suksesskriterier

I notatet *Distriktskommunar som lukkast godt med næringsutvikling* (2020), utgjeve av Distriktssenteret, blir det presentert fem sentrale grep som bør vektleggjast for å oppnå suksess i næringsutviklingsarbeidet:

- Næringsutvikling må i større grad sjåast i samanheng med andre viktige kommunale innsatsområde, som bustadutvikling, inkludering, stadutvikling og tilflytting.
- Kommunen si rolle som forvaltar, tenesteproducent og entreprenør må i større grad sjåast i samanheng.
- Kommunane må skaffe seg betre forståing for behova i næringslivet. Alle kommunar bør kartleggje næringslivet sine forventningar til dei kommunale tenestene.
- Økonomiske verkemiddel, til dømes kommunale næringsfond, vil vere til hjelp for å styrkje kommunane i arbeidet overfor både etablerarar og eksisterande næringsliv.
- Distriktskommunane må prioritere entreprenørrolla; vere utadretta og initiativrike, samt utvikle og følgje opp næringslivet.

Distriktssenteret peikar på at desse grepa i stor grad samsvarar med korleis kommunar som lukkast godt med næringsutvikling, faktisk arbeider.

Nærings- og kulturmiljø i Vang og Valdresregionen har viktige roller når det gjeld tilrettelegging for samfunns- og næringsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling	Næringsutvikling	Samfunnsutvikling	Lag og organisasjonar
Vang kommune	Valdres Næringshage Visit Valdres Vang utvikling	Valdres Natur- og kulturpark Vang kommune Innlandet fylkeskommune	Kulturaktører og friluftsliv
<p>Vang kommune hadde tidlegare eit selskap, Innovangsjon, som hadde ansvar for førstelinjetenesta inn mot bedrifter i kommunen.</p> <p>Selskapet er lagt ned, og kommunen har tilsett rådgivar for næringsutvikling som kontaktpunkt ut mot næringslivet.</p> <p>Vang kommune disponerer næringsfond og landbruksfond som yter tilskot til ulike formål.</p>	<p>Valdres næringshage er ein SIVA støtta næringshage som tilbyr rettleiing og støtte til forretningsutvikling for bedrifter i Valdreskommunane.</p> <p>Visit Valdres jobbar for å promotere Valdres som region.</p> <p>Vang utvikling fungerer som ei næringsforeining samansett av personar på tvers av ulike bransjar.</p>	<p>Vang kommune, Valdres Natur- og kulturpark og Innlandet fylkeskommune er viktige aktørar som skal initiere og gjennomføre utviklingsprosjekt for å legge til rette for næringsutvikling lokalt/regionalt innan område som er viktig for utvikling.</p> <p>Dette kan være samferdsel, busetting, kompetansetilbod og omdømmebygging mv.</p>	<p>Fleire aktørar bidreg sterkt til å setje kommunen på «kartet» gjennom arrangement og festivalar, for eksempel Vinjerock og Valdrespelet.</p> <p>Slike aktørar kan ha ei viktig rolle i attraktivitetsarbeid rundt Vang som bu- og arbeidskommune.</p>

*Valdres Natur- og kulturpark, Valdres næringshage, Visit Valdres, leiar av omstillingsprogrammet i Nord-Aurdal og kommunedirektørane i Nord Aurdal og Øystre Slidre deltek i ein felles prosess der dei ser på kva rolla dei ulike aktørane skal ha, og korleis arbeidet skal organiserast framover. Lenke til kunnskapsgrunnlag og saksgrunnlag; sjå <https://innsyn.iktvaldres.no/vnk/wfdocument.ashx?journalpostid=2023003569&dokid=1345450&versjon=1&variant=A&>

Samarbeid og felles retning for kraft i utviklingsarbeidet



Vang har fleire miljø og gode føresetnadar for å lukkast med næringsutvikling, men utviklingsevna er i stor grad er avhengig av korleis ein klarer å samle og mobilisere dei ulike miljøa i kommunen. Strukturen er prega av mangfald, sterke enkeltaktørar og tydelege fortrinn knytt til naturressursar, lokalisering og lokal kompetanse. Samstundes kjem det fram eit behov for betre samspel, meir koordinering og ei tydelegare felles forståing av retning og prioritering.

Skal Vang lukkast med eit ambisiøst mål om vesentleg vekst i private arbeidsplassar, må næringsutvikling sjåast som eit felles prosjekt som går på tvers av bransjar, sektorar og roller. Dette krev at eksisterande næringsliv, nye initiativ, kommunen si rolle som tilretteleggjar og regionale miljø i større grad blir kopla saman i ein felles struktur for utvikling.

Mangfaldet av perspektiv og interesser i næringslivet er både er ein styrke og ei utfordring. Ulike syn på tempo, prioriteringar og rammevilkår gjer det ekstra viktig å etablere ei felles forståing av kva det lokale næringslivet og kommunen ønskjer å oppnå, og kva som må til for å kome dit. Utan ei tydeleg felles retning risikerer ein at gode initiativ blir ståande kvar for seg, og at utviklingskrafta i sum blir svakare enn potensialet tilseier.

Samla peikar dette mot behovet for ei strategisk næringsplan som ikkje berre definerer satsingsområde og tiltak, men som òg legg til rette for samhandling, tillit og felles målforståing. Mobilisering av miljø, langsiktig samarbeid og ei tydeleg rolleavklaring mellom aktørar vil vere avgjerande for å omsetje ambisjonar til faktisk utvikling og varig verdiskaping i Vang.



Illustrasjon av samspelet mellom berekraftsmåla, FN

Rammevilkår og makroforhold som påverkar næringsutvikling i Vang

3

PESTEL – analyse (1/2)



PESTEL-analysen gir ei oversikt over sentrale eksterne rammevilkår som påverkar nærings- og samfunnsutvikling i Vang kommune. PESTEL står for politiske, økonomiske, sosiale, teknologiske, miljømessige og lovmessige forhold. Analysen synleggjer både moglegheiter og avgrensingar som ligg utanfor kommunen si direkte styring, men som like fullt må takast omsyn til i utforminga av ein realistisk og målretta næringsstrategi. For kvart tema blir det derfor peika både på vesentlege utviklingstrekk og kva desse inneber for strategiske prioriteringar i næringsarbeidet.

	Viktige forhold påverkar samfunns- og næringsutvikling	Kva betyr dette for næringsstrategien til kommunen
P Politisk	<ul style="list-style-type: none">Nasjonale og regionale føringar stiller tydelege krav til berekraftig utvikling, klimaomsyn og heilskapleg arealforvaltningKommunen får ei stadig viktigare rolle som samfunnsutviklar, ikkje berre som forvaltar av enkeltsaker	<ul style="list-style-type: none">Næringsstrategien må vere tett kopla til kommuneplan, arealstrategi og klima- og miljømål og ha tydlege og omforeinte prioriteringarStrategien må tydeleggjere kommunen si rolle som tilretteleggar, samordnar og pådrivar for utvikling – ikkje berre sakshandsamar
E Økonomiske	<ul style="list-style-type: none">Næringsstrukturen i Vang er sårbar og konjunkturavhengig, med sterk kopling mellom bygg/anlegg, reiseliv og fritidsmarknaden.Endringar i rente, kostnadsnivå og etterspurnad slår raskt inn lokalt.Moglegheiter for ny næringsutvikling spesielt knytt til kraft- og naturressursar	<ul style="list-style-type: none">Strategien bør bidra til større breidde i næringslivet og redusert sårbarheitEksisterande næringar må styrkast gjennom innovasjon, kompetanse og samarbeid – ikkje berre gjennom volumvekst.Nye næringar bør vurderast ut frå bidrag til arbeidsplassar og lokal verdiskaping.
S Sosial	<ul style="list-style-type: none">Demografien viser auke i eldre og behov for å styrke arbeidsfør befolkning.Attraktivitet for barnefamiljar, tilflyttarar og kompetansearbeidskraft blir avgjerande.Fritidsbuarar kan vere ein viktig ressurs i næringsarbeidet.Sterk lokal identitet og frivillig engasjement er viktige ressursar.	<ul style="list-style-type: none">Næringsutvikling må sjåast i samanheng med bustadpolitikk, stadutvikling og tenestetilbod. Strategien bør vektlegge arbeidsplassar som gir grunnlag for heilårs busetting. Omdømebygging blir ein viktig del av næringsarbeidet.Medverknad på tvers av miljø, der også fritidsbuarar vert inkludert, vert viktig framover.

PESTEL – analyse (2/2)



	Viktige forhold påverkar samfunns- og næringsutvikling	Kva betyr dette for næringsstrategien til kommunen
T Teknologi	<ul style="list-style-type: none">• Digitalisering og fjernarbeid opnar nye moglegheiter i distriktskommunar• Teknologi endrar eksisterande næringar. For Vang er det spesielt viktig med omstilling innan landbruk, bygg og reiseliv. Kompetansegap kan bli ei brems for utvikling.	<ul style="list-style-type: none">• Strategien bør støtte kompetanseutvikling og digital omstilling i breidda av næringslivet. Det bør leggjast til rette for miljø og møteplassar som stimulerer til kunnskapsdeling og samarbeid.• Fjernarbeid og kunnskapsarbeidsplassar kan vere ein del av rekrutteringsstrategien.
M Miljø	<ul style="list-style-type: none">• Natur- og landskapsverdiar er ein viktig ressurs for næringsutvikling i Vang.• Krav til berekraft, klima og naturvern blir stadig strengare når det gjeld forvaltning av desse ressursane.	<ul style="list-style-type: none">• Strategien må balansere bruk og vern, og prioritere næringar som byggjer på berekraftig ressursutnytting.• Reiselivsutvikling må vere kunnskapsbasert og tilpassa lokal bereevne.• Grøn omstilling bør sjåast som ei moglegheit for innovasjon.
L Lovmessige forhold	<ul style="list-style-type: none">• Arealplanlegging, jordvern og krav til offentlege anskaffingar påverkar handlingsrommet.• Kompleksiteten i regelverket aukar.	<ul style="list-style-type: none">• Arealforvaltarrolla er under X –press når det gjeld krav frå styringsmakter og næringsliv. Kompetanse og proaktiv dialog til oppfølging av komplekse forhold blir viktig i kommunal næringsrolle for å møte forventningar frå næringslivet.• Lokalt næringsliv kan trenge kompetanseheving for å tilpasse seg krav, f.eks. miljøkrav i Lov om offentlege anskaffingar.

Samla viser PESTEL-analysen at nærings- og samfunnsutviklinga i Vang blir forma av sterke eksterne føringar, samstundes som kommunen og næringslivet har eit reelt handlingsrom gjennom strategiske val og prioriteringar. Analysen peikar på behovet for å tilpasse næringsutviklinga til krav om grøn omstilling og berekraftig ressursbruk, samtidig som teknologisk utvikling og digitalisering opnar nye moglegheiter for både eksisterande og ny næring. For å utnytte dette potensialet må næringsstrategien legge til rette for kompetanseheving, innovasjon og omstilling i breidda av næringslivet, og bidra til at Vang framstår som ein attraktiv stad for investeringar, arbeidsplassar og tilflytting. Dette understrekar betydninga av å sjå næringsutvikling i samheng med samfunnsutvikling.

Demografi og samfunn

4


Vang kan forvente meir positiv utvikling i folketalet enn Innlandet elles for dei fleste aldersgrupper



Vang er 1 av 3 kommunar i Innlandet med forventna folketalsvekst over 15 % fram mot 2050

- Ei folketalsframskriving er ei berekning av framtidig folketalsstorleik og samansetting, gitt ulike føresetnadar om fødelst- og dødstal, innvandring og utvandring
- Framskrivningane tilseier at Vang skal ha **høgast relativ vekst i folketal blant alle kommunane i Innlandet** (20.1 % fram mot 2050)
- For aldersgruppa 0-17 år er den relative veksten (9.5%) framleis høg samanlikna med dei fleste andre kommunar på Innlandet
- For aldersgruppa 18-49 år (15.6%) er den relative veksten nest høgast av kommunane i Innlandet. Tilsvarende for aldersgruppa 50 – 66 år
- Alle kommunane på Innlandet, også Vang, har **høg vekst i eldre frå 80 år og eldre**.

Folketalutvikling i Innlandet fram mot 2050




Forventa positiv utvikling i folketal fram mot 2040



I middelalternativet er auken 328 personar i perioden

- **Vang hadde 1 648 innbyggjarar ved utgangen av 2025**, ei auke på 3 personar frå året før.
- **Veksten skuldast moderat tilflytting**, kombinert med endra busettingsmønster og auka mobilitet inn i kommunen.²
- **SSBs sitt middelalternativ estimerer 1 976 innbyggjarar i 2050**, som inneber ein auke på cirka **20 % vekst** frå dagens nivå.
- **Lav nasjonal vekst gir nær stagnering**, mens **høg nasjonal vekst kan gje opptil ca. 2 307 innbyggjarar**.
- **Den faktiske auken i absolutte tal utgjør 328 personar i middelalternativet**
- **Auken og demografiutviklinga inneber auke i personar i yrkesfør alder**
- **Basert på historiske tal – kan ein basere seg på desse framskrivingane, eller er dei for optimistiske?**

Folketalsutvikling i Vang kommune fram mot 2050



Meir positiv demografiutvikling i Vang enn Valdres elles



Forventa moderat vekst i dei fleste aldersgrupper fram mot 2040, med særleg auke i aldersgruppa 30–49 år.

Vang forventar ei generell auke i dei fleste aldersgruppene fram mot 2040 både blant menn og kvinner. Dette gjeld særleg aldersgruppa **30–49 år**, der veksten er mest markant.

Blant menn er det liten eller ingen vekst i aldersgruppene **0–4 år**, **60–64 år**, **65–69 år** og ein svak nedgang i aldersgruppa **75–79 år**.


Blant kvinner er veksten positiv for alle aldersgrupper, men aldersgruppene **15–19 år**, **35–39 år** og **75–79 år** ligg nær stagnasjon.

Inn mot slutten av framskrivingsperioden, er det ei tydelig auke i aldersgruppene **80 år og eldre** – spesielt blant kvinner.

Valdresregionen viser eit anna mønster enn Vang.

Her peikar framskrivingane mot ein nedgang i fleire yngre og midtre aldersgrupper (under 40 år), og ein klar auke i eldre aldersgrupper. Dette gir eit regionalt bilde som i større grad er prega av aldring og nedgang av personar i yrkesaktiv alder.


Demografiutvikling i Vang kommune fram mot 2040



Det er 200 som pendlar inn til kommunen, mens 218 pendlar ut av kommunen




- Pendlingstala viser at Vang har ein arbeidsmarknad som er nært integrert med andre kommunar i Valdres.
- Største utpendlinga går mot Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Øystre Slidre. Innpendlinga kjem frå dei same områda.
- Pendling vestover (begge vegar) skjer i liten utstrekning, men i eit mindre omfang til Årdal og Lærdal



Utdanningsprofil prega av fagkompetanse – behov for høgare utdanna arbeidskraft



- Utdanningsnivået i Vang ligg noko lågare enn landsgjennomsnittet, og på linje med Valdreskommunane. Det er fleire kvinner med høgare utdanningsnivå i både Vang, Valdres og landet elles.
- Det er ein relativt stor del av arbeidsstyrken med vidaregåande opplæring og/eller fagutdanning, som kan indikere at arbeidsstokken er godt rusta for yrke innan bygg, anlegg, landbruk og handverk.
- Samstundes peikar intervjuaktørar på at tilgang på høgare utdanna arbeidskraft er ei utfordring, og at kommunen bør jobbe strategisk for å tiltrekke seg kompetanse i både privat og offentleg sektor.




Lågare arbeidsløyse i 2025 samanlikna med nasjonale tal



Oversikten under viser arbeidsløysa i Vang frå 2016 til 2024 (snitt gjennom året). Denne har vore låg i perioden samanlikna med landet elles.

Ved utgangen av 2025 var arbeidsløysa 1.8 % i Vang, mens arbeidsløysa på landsbasis var 4.5%. Arbeidsløysa er difor stabilt lav i perioden med unntak av 2020 der det var ein auke opp mot 3.8 %.

Heilt arbeidsløyse i prosent av arbeidsstyrken



Næringsstruktur i Vang

5

Sysseletting etter bransje




Det var 838 sysselsette personar i Vang i 2024, og 8 767 sysselsette i Valdres i alt.

Sysselettingstala viser at Vang har ein relativt konsentrert arbeidsmarknad der få bransjar utgjer ein relativt høg del av total sysselsetting.

Det er flest arbeidsplassar i kommunen innan kommunal drift, mens bygg- og anlegg og jordbruk, skogbruk og fiske og varehandel har flest tilsette i privat sektor.

Sektorar som teknologi, forretningsmessige tenester og finansiering er svært små i Vang, og viser behovet for å jobbe med utvikling av nytt næringsliv og tiltrekke seg miljø til næringar som er viktige for å arbeidsmarknadsattraktivitet og innovasjonsevne.

Tal sysselsette etter bransje %-vis (tal)



Næringsstruktur dominert av bygg og anlegg – mindre breidde enn regionen elles



Det er varehandel, bygg- og anlegg og industri som er dei største næringane i Vang målt etter omsetning. Næringsstrukturen i Vang er med dette meir sårbar enn næringsstrukturen i Valdres elles. Den høge delen frå bygg og anleggsnæringa speglar historisk utvikling og etterspurnad knytt til hyttebygging. Reiseliv og tenesteyting er mindre i omfang enn i regionen samla.

Omsetning knytt til landbruk er truleg betydeleg høgare enn det oversikta viser. Dette er på grunn ulike regler til rapporteringsplikt og data som er tilgjengeleg frå verksemdar registrert som ENK.

Vang kommune ¹	Omsetning (i heile 1000) ¹	Valdresregionen ¹	Omsetning (i heile 1000) ¹
Varehandel, reparasjon av motorvogner	250 510 (30%)	Varehandel, reparasjon av motorvogner	4 270 455 (38%)
Bygge- og anleggsverksemd	200 320 (24%)	Bygge- og anleggsverksemd	2 162 491 (19%)
Industri	100 692 (12%)	Industri	845 534 (8%)
Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvatnforsyning	80 268 (10%)	Fagleg, vitenskapeleg og teknisk tenesteyting	466 885 (4%)
Overnattings- og serveringsverksemdar	50 430 (6%)	Overnattings- og serveringsverksemd	432 688 (4%)
Fagleg, vitenskapeleg og teknisk tenesteyting	37 178 (4%)	Lønnet arbeid i private hushaldningar	387 826 (3%)
Jordbruk, skogbruk og fiske	27 599 (3%)	Transport og lagring	373 340 (3%)
Lønna arbeid i private hushaldningar	26 802 (3%)	Forretningsmessig tenesteyting	365 758 (3%)
Annan tenesteyting	25 154 (3%)	Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar	302 178 (3%)
Finansierings- og forsikringsverksemd	8 629 (1%)	Offentleg administrasjon og forsvar	289 045 (3%)
Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar	6 054 (1%)	Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvatnforsyning	283 196 (3%)
Omsetning og drift av fast eigedom	2 056 (0%)	Omsetning og drift av fast eigedom	218 465 (2%)
Transport og lagring	1 855 (0%)	Annan tenesteyting	217 995 (2%)
		Jordbruk, skogbruk og fiske	182 898 (2%)

Vang har små bedrifter samanlikna med Valdresregionen. Vang Auto er blant dei 10 største i regionen målt i omsetning, men ingen av bedriftene i Vang inngår blant dei 10 største bedriftene når det gjeld årsverk

Vang	Omsetning (i heile 1000)
VANG AUTO-SERVICE AS	182 343
Montér Kvismo	53 121
RYFOSS BETONG AS	44 601
Tveitabru Bygg AS	40 502
FILEFJELLSENTERET AS	30 438
Vang Bygg AS	29 849
VANG ENERGIVERK AS	29 659
ELEKTROMONTASJE AS	29 067
Bygger'n Øye	25 402
JotunKraft AS	23 746

Vang	Årsverk
TVEITABRU BYGG AS	28
VANG AUTO-SERVICE AS	24
RYFOSS BETONG AS	19
ELEKTROMONTASJE AS	18
VANG BYGG AS	15
BYGDIN HØYFJELLSHOTELL AS	15
FILEFJELLSTUENE AS	14
I3 ELEMENT AS	11
KVISMO SAG AS	10
VANG ENERGIVERK AS	10


Valdresregionen	Omsetning (i heile 1000)
ASKO OPPLAND AS	2 387 413
BEGNA BRUK AS	325 260
BRØDRENE DOKKEN AS	257 476
HOVLI AUTO AS	226 921
AV BYGG AS	200 498
VANG AUTO-SERVICE AS	181 187
HOVRUD AUTO AS	125 324
VALDRESBIL AS	118 338
VALDRES AUTO AS	113 368
BEITOSTØLEN RESORT AS	109 458

Valdresregionen	Årsverk
AV BYGG AS	245
LINK BINGO AS	130
BEITOSTØLEN RESORT AS	79
BEITO RESORT AS	79
ASKO OPPLAND AS	76
BRØDRENE DOKKEN AS	65
VALDRES ARBEIDSSENTER AS	56
KULANT AS	54
ARBEIDSKRAFT VALDRES AS	53
VYRK AS	49


Utvikling i samla omsetning og driftsresultat for Vang og Valdresregionen

- Samla omsetning i Vang har hatt ein markant vekst frå 2015 til 2022, og veksten har vore høgare enn i Valdresregionen.
- Frå 2022 til 2024 oppstår derimot ein nedgang i omsetning på 12 % som kan sjåast i samanheng med nedgang i fritidsmarknad og renteauke. Samla omsetning i Valdres hadde derimot ein auke på 4 % i same periode. Dette tyder på at marknadsutviklinga i Vang er svakare enn i regionen elles.
- I same periode var det også ein vesentleg nedgang i driftsresultat på heile 60 %, mens den samla nedgangen i Valdres i same periode var 25 %. Dette indikerer også relativt sett lågare lønnsemd.
- Tala tyder på at Vang har ein næringsstruktur som er sårbar med stor avhengigheit av enkelte marknader og konjunkturdrivne bransjar.
- Grafane til høgre viser utvikling i omsetning og driftsresultat i Vang og Valdres frå 2015 til 2024. Dei grønne strekane viser utvikling i omsetning, dei mørkelilla strekane viser utvikling i driftsresultat, og dei lyserosa pilane viser gjennomsnittleg utvikling per år frå 2015 til 2024.

Samla omsetning og driftsresultat for Vang (i heile 1000)



Samla omsetning og driftsresultat for Valdres (i heile 1000)




Innovasjon Norge er aktøren som gir mest midlar til næringslivet i Vang kommune



Grafane under viser tilskot frå verkemiddelapparatet til verksemder i Vang og resten av Valdres i perioden 2022-2025. Oversikta viser at verksemder i Vang i perioden har fått over 31 millionar kroner dei siste åra. Den største delen av tilskota som er gitt kom i 2022 der ei verksemd fekk støtte på 20 millionar som lån, garantiar og anna risikokapital. I Vang har verksemder berre fått støtte frå Innovasjon Norge og Siva, og Innovasjon Norge er klart største tildeler i både Vang og Valdres. I tillegg til støtte verksemder, fekk Valdres Næringshage over 1,8 millionar i perioden for å støtte verksemder i heile Valdres med kurs og kompetanseheving.

Tala viser at verksemder i Vang har fått store summer i støtte dei siste åra, men at breidda av aktørar i verkemiddelapparatet ikkje blir brukt like godt.

Oversikta omfattar ikkje kommunale tilskot og produksjonstilskot til landbruket, som blir omtalt lenger ned i rapporten.



*NA: Tilskota er ikkje definert i datagrunnlaget.

Kjelde: 1) Innovasjon Norge, Statistikkbank over næringspolitiske verkemidlar, supplert med tal frå Innlandet fylkeskommune (2023-2025) og Valdres Næringshage SIVA-midlar (2025)

Vang kommune sitt næringsfond og tilskot til landbruket



I tillegg til det nasjonale verkemiddelapparatet er Vang kommune ein viktig aktør som bidreg med midlar til ei rekke ulike føremål gjennom næringsfondet og tilskot til landbruket. Næringsfondet får overført midlar frå motteke konsesjonsavgift og har eit eige regelverk som regulerer handlingsrommet for kva midlane kan brukast til. Fondsmidlane skal fortrinnsvis skal nyttast til utvikling av næringslivet.

Tabell 1 viser ein oversikt over bruken av næringsfondet sidan 2020. Fondet har mellom anna støtta bustadbygging og ulike tiltak for å styrkje bumiljøet. Under posten utgifter og støttemidlar til næringsutvikling inngår støtte til arrangement, investeringstiltak i næringslivet, profileringsarbeid og løypekøyring, samt tilskot til regionale næringsutviklingsaktørar. Kommunen har òg brukt fondet til å finansiere investeringar i infrastruktur. Døme på slike investeringar er utbetring av vegar og oppgradering av rådhuset. Kommunane kan òg velje å bruke næringsfondet til å finansiere avdrag på lån.¹

Tabell 2 viser kommunale tilskot til landbruksføremål, og tilskot til investeringar i landbruket. Det blir ikkje gitt tilskot til drift, då dette kan bli dekkja av statlege ordningar.

Tabell 1: Bruk av næringsfondet¹

Postar i næringsfondet	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak				2 112	5 058	1 403
Utgifter og støttemidlar til næringsutvikling	3 870	4 052	6 112	3 621	6 948	3 505
Finansiering av tiltak i drift	6 208		2 000	2 000	500	2 292
Finansiering av investeringar	517			24 373	29 395	
Finansiering av avdrag	6 697		2 958	7 856	9 144	10 000
Finansiering av renter	3 193			1 681		
Bruk av fond	20 485	4 052	11 069	41 643	51 046	17 200

Tabell 2: Kommunale tilskot til landbruksføremål¹

	2020	2021	2022*	2023	2024**	2025
Budsjettert	1 329 500	1 900 000	4 800 000	1 300 000	1 700 000	1 700 000
Utbetalt	931 893	1 641 650	4 843 217	1 566 375	2 316 390	2 383 530

*I 2022 vart det bevilga kr 3 500 000 i ekstraordinær støtte til alle føretak

** Kommunestyre vedtok i oktober kr 1 000 000 i tilleggbevilgning for 2024 totalt kr 2 700 000

Utvikling i fritidsmarknaden og reiselivet



Det har vore ein vesentleg auke i tal fritidsbustadar i kommunen dei siste åra.


Visit Valdres⁴ estimerer at kvar hytte i snitt er i bruk 50 døgn i året, og at det er ca. 3 personar per overnatting. Dette utgjør cirka 278 000 gjestedøgn frå hytteseegmentet aleine.

SSB har ikkje komplett informasjon om kommersielle overnattingar på hotell (på grunn av for lite datagrunnlag).


‘Campingplassar, hyttegrender og vandrarheim’ har nesten 36 000 kommersielle overnattingar med ein betydeleg del av disse i perioden juli til september.

I 2021 var det estimert 15 000 gjestedøgn gjennom privat utleige³. Truleg har ein hatt ein vekst i dette segmentet frå 2021.

Tal hytter i Vang kommune²



Tal kommersielle overnattingar i Vang kommune¹



*På grunn av for lite tal aktørar publiserer ikkje SSB komplette tal for kommersielle overnattingar i Vang kommune.

Utvikling av landbruket i Vang



Landbruket i Vang er variert og omfattar både tradisjonelt husdyrhald og reindrift. Landbruket er også viktig for andre næringer, m.a. erfarer ein store positive ringverknadar for øvrig næringsliv i kommunen, for eksempel reiseliv og bygg og anlegg.

Statistikken viser varierende dyretal for fleire produksjonar. Arealta viser stabile mengder dyrka jord og innmarksbeite, medan talet aktive føretak er på eit lågare nivå enn tidlegare.



Landbruket står også ovanfor ein omstilling frå båsdrift til lausdrift i 2034. Det er per i dag veldig mange gardar som ikkje har gjort eller begynt denne omstillinga. Det krev store investeringar, og landbruket er avhengige av økonomisk støtte og rådgjeving for å få det til.

I form av statlege overføringar gjennom jordbruksoppgjeret til produksjonstilskot og tilskot til avløyning, vart det i 2024 utbetalt nærare 52 millionar fordelt på 97 søknader og i 2023 omlag 48 millionar fordelt på 99 søknadar.

Gjennom overføringar frå fylket til regionale miljøtilskot til landbruket (RMP) vart det utbetalt rundt 4.5 millionar i 2023 og 5.4 millionar i 2024 (81 søknadar begge år).

Vang kommune har også reindrift i kommunen, med to aktørar som driv i kommunen. Beitemarksområda i Vang har høg kvalitet som gir gode forhold for reindrift, og det har vært ei stabil utvikling dei siste åra. Reindriften i kommunen gir også gode moglegheiter for vidareforedling i kommunen.

I skogbruket i Vang er det store variasjonar frå år til år, men aktiviteten har auka dei siste åra grunn av høge prisar. I 2022 var avverkinga 131 m3 til ein verdi av kr 62 147, i 2023 876 m3 (kr 366 860), i 2024 3078 m3 (kr 2 338 441), og i 2025 var det 16 328 m3 til ein verdi av kr 12 737 412.



Reintal i sluttstatus per 31.03. ³	2020	2021	2022	2023	2024
Fram reinlag	2 854	2 850	2 796	2 820	2 801
Filefjell reinlag	3 231	3 088	3 095	3 056	3 033

Kjelde: 1) Landbruksdirektoratet, statistikk og utvikling i landbruket, 2) Vang kommune, ØKS 3) Landbruksdirektoratet, Ressursregnskap for reindriftnæringen (2024)

Arealbruk

Tabell 1 viser tal over overordna arealformål for alt areal i kommunen, både reguleringsplan og kommune(del)plan. «Sum arealformål» viser alt areal, både framtidig og gjeldande. Tala under planreserve viser areal som ikkje er nedbygd av det totale arealet for kvart enkelt arealformål. Tala viser at kommunen har eit godt planreserve for næringsverksemd og ein betydeleg reserve til fritidsbustadar. Vidare kan kombinerte formål ha betydning for næringsutvikling.

Tabell 2 er eit «naturrekneskap», som viser utbreiinga av ulike arealtypar i kommunen.

Den største aktiviteten i seinare tid med utvikling av planar har vore på Tyinkryset-området med fleire private reguleringsplanar som er i prosess. Planane vil regulere for mellom anna fritidsbustadar, service og alpint. Ei utfordring med slutføring av planarbeidet har her vore kapasitet på vatn og avløp, som mellom anna avheng av tilstanden til resipienten (er under overvaking).

Langs E16 mellom Ryfoss og Vang er eit område regulert for industri gjennom detaljreguleringa Utgard næringsområde (planID 2016003). Planen regulerer til industriformål for etablering av eit gjenvinningsanlegg for hardplast (til dømes spylevæskekanner, syrekanner og hushaldningsplast). Planen vart vedteken i juni 2017. Det er ikkje etablert industri i området per i dag. For utvikling av til dømes anna industri/aktivitet i området er tilgang på tilstrekkeleg straum og regulert areal den største utfordringa.

Områdeplan for Vang sentrum har fleire felt for mellom anna kombinert bustad/forretningar. Her er det krav om detaljregulering. Planforslag til detaljregulering Klokkarhaugen skal legge til rette for areal til nye bustader og nye areal for næring/kontor/kafear/restaurantar m.m. med tilhøyrande infrastruktur og fellesområde. Planforslaget er ikkje ferdigbehandla på grunn av at sone for fjellskred kom innanfor planområdet undervegs i planarbeidet. Bygging innanfor denne sona er framleis ikkje avklart.

Tabell 1: Avsett arealføremål

Arealformålsgruppe	Planreserve	Sum arealformål	% av arealformål
01 Bolig eller sentrumsformål	336	766	0,1 %
02 Fritidsbebyggelse	9 296	10 631	0,7 %
03 Tjenesteyting	5	88	0,0 %
04 Handel	6	49	0,0 %
05 Turistformål	0	1 581	0,1 %
06 Næringsvirksomhet	767	965	0,1 %
07 Råstoffutvinning	106	226	0,0 %
08 Kombinerte formål	172	693	0,0 %
09 Idrettsanlegg	3 022	3 381	0,2 %
10 Andre formål	0	3 272	0,2 %
11 Samferdselsanlegg	414	2 562	0,2 %
12 Blå/grønnstruktur	0	3 725	0,2 %
14 LNFR	0	1 287 991	85,4 %
15 LNFR spredt	0	1 107	0,1 %
16 Havner og småbåthavner	0	4	0,0 %
17 Sjø og vassdrag, flerbruk	0	190 962	12,7 %
18 Akvakultur	0	40	0,0 %

Tabell2: Arealrekneskap

Arealtype		
Åpen fastmark	1 056 468	70,1 %
Bebygd	4 710	0,3 %
Ferskvann	196 511	13,0 %
Fulldyrka jord	13 429	0,9 %
Innmarksbeite	5 864	0,4 %
Myr	33 355	2,2 %
Overflatedyrka jord	362	0,0 %
Samferdsel	4 538	0,3 %
Skog	184 088	12,2 %
Snøisbre	8 722	0,6 %

Innsiktsarbeid og medverknad

6

Introduksjon til innsiktsarbeid i form av intervju



Dette kapitlet samanfatar funn frå intervju og innspelsmøte gjennomført i innsiktsarbeidet.

Formålet med intervjuet var todelt:

- å forankre arbeidet med kunnskapsgrunnlag og næringsstrategi hos sentrale interessentar
- å hente inn breie perspektiv frå lokalt næringsliv, regionalt utviklingsapparat og kommunen si politiske og administrative leiing i ein tidleg fase av arbeidet.

Deltakarane vart særleg utfordra på å gje innspel på følgjande tema:

- Nærings- og naturmessige fortrinn for Vang (ressursar, lokalisering, identitet, infrastruktur m.m.).
- Potensial for vekst og utvikling – nye marknader, produkt og verdikjeder innan reiseliv/oppleving, bygg og anlegg, hytteøkonomi, landbruk og vidareforedling, kultur/arrangement og nye tenesteytande næringar (t.d. teknologi og kunnskapsarbeidsplassar).
- Barrierar og flaskehalsar for utvikling
- Samarbeid i dag og korleis styrke samspel på tvers av næringar, mellom privat–offentleg sektor, og med regionale aktørar
- Innspel til framtidige satsingar

Innspelet frå intervjuet er strukturerte og presenterte tematisk i dette kapitlet.



Foto: Vang kommune

Vang sine naturlege fortrinn – natur, stadskvalitetar, kultur og identitet



Gode vegsamband og knutepunkt mellom aust og vest	Sterk historie og lokal identitet	Natur, attraksjonar og inngangsport til Jotunheimen	Snøsikker destinasjon	Tilgang på naturressursar	Bukvalitetar og tilbod til barn og unge
<p>Vang har ei strategisk plassering langs E16, den viktigaste transportåra mellom Austlandet og Vestlandet. Dette gjer kommunen til eit naturleg knutepunkt.</p> <p>Dette gir moglegheiter for reiseliv, handel, transport og tenesteyting.</p> <p>Nærleiken til større arbeids- og buområde som Valdres, Sogn, Årdal og Lærdal kan delvis innebere ein integrert og felles arbeidsmarknad.</p>	<p>Vang har ei tydeleg og forankra lokal identitet, basert på fjellhistorie, stølstradisjonar, reiselivsarv og eit levande kulturliv.</p> <p>Identiteten oppfattast som ein ressurs både for samfunnsutvikling og næringsutvikling.</p> <p>Vang har eit særpreg, stoltheit og eit kulturgrunnlag som i større grad kan bli nytta i arbeid med merkevarebygging og næringsstrategi.</p>	<p>Vang fungerer som ein sentral inngangsport til Jotunheimen, med nærleik til kjende fjell, fjellstover, historiske båtruter og høgfjellsvegar.</p> <p>Dette er blant dei viktigaste fortrinna som kommunen har.</p> <p>Vang har også fleire historiske attraksjonar som fjellgardar og nasjonale turistvegar.</p>	<p>Kombinasjonen av høgde over havet, stabile vintrar og god tilgang på fjellterreng som eignar seg for langrenn, topptur og vinteraktivitetar, gir kommunen eit naturleg grunnlag for vidare vinterturismesatsing.</p> <p>Snøsikkerheit er også viktig i dialog med internasjonale turoperatørar og i utviklinga av heilårs arbeidsplassar.</p>	<p>Vang har god tilgang på viktige naturressursar, som gir mange moglegheiter til å drive næring og rekreasjon.</p> <p>Som kraftkommune har Vang tilgang på kraft og har moglegheit til å legge til rette for kraftintensiv industri.</p> <p>Innan landbruk er spesielt tilgang til gode beiteareal framheva som eit fortrinn.</p>	<p>Vang blir løfta fram som ein attraktiv kommune for familiar, med gode oppveksttilbod, trygge bumiljø, korte avstandar, nærleik til natur og eit rikt frivillig miljø.</p> <p>Kvalitetane ved skule, barnehage, kulturtilbod og fritidsaktivitetar blir trekt fram som viktige grunnar til å bli verande eller flytte tilbake.</p>

Vang har næringsmessige fortrinn gir potensial for å bevare og utvikle arbeidsplassar



Destinasjonsutvikling	Variert landbruk	Kreativ næring	Breidde i bygg-/ og anleggsbransje	Sterke enkeltbedrifter	Næringsareal og kontorfellesskap
<p>Tyin-Filefjell kan vidareutviklast til å bli ein sterkare heilårsdestinasjon som gir større stabilitet i aktiviteten til reiselivs-bedriftene.</p> <p>Utvikling av meir reiselivsaktivitet som kommersiell overnatting, aktivitetsbasert turisme og skianlegg vert framheva som viktige næringsmogleheiter for kommunen.</p>	<p>Vang har gode beiteforhold og eit variert landbruk. Reindrift i høgfjellet, tradisjonelt landbruk og småbruk gir mange moglegheiter til vidare næringsutvikling innan lokalmat, foredling og er ein viktig aktør som skapar verdi i ein større verdikjede.</p> <p>Det er også potensiale for samarbeid innan reiselivet innan lokalmat, stølsturisme og aktivitetsutvikling.</p>	<p>Vang har nasjonalt anerkjente arrangement som Valdresspelet og Vinjerock. Arrangementa set kommunen på kartet i ein nasjonal kontekst, og når målgrupper som elles ikkje ville oppsøkt Vang.</p>	<p>Fleire lokale entreprenørar med lang erfaring frå både hytteutbygging, anlegg og regionale prosjekt.</p> <p>Bransjen er prega av mindre aktørar, der samarbeid på tvers kan være utløyse for å konkurrere i større entreprisar.</p> <p>Profesjonalisering og sertifisering på miljøkrav kan bidra til å vinne fleire oppdrag.</p>	<p>Det er fleire sterke enkeltbedrifter i Vang som har luktast med å skape omsetning nasjonalt og delvis internasjonalt, eksempelvis innan mekanisk industri, betong- og elementproduksjon</p>	<p>Ledige næringsareal i kommunen med tilgang til kraftforsyning kan representere moglegheiter for etablering av ny næring.</p> <p>Ledige lokale i kontorfellesskap i sentrum gjer at ein kan tilby rimelege lokale for eventuelle nyetablerarar.</p>

Utfordringar og hinder for vekst og utvikling



Sårbar og gjensidig avhengig næringsstruktur	Uklare prioriteringar, tregleik i prosessar og mangel på dialog	Kapasitet i anlegg til vatn og avløp	Manglar den gode plattformen for samarbeid mellom kommune og næringsliv	Manglar felles kultur/målbilde	For lite varme senger og avgrensa opningstider
Næringsstrukturen i Vang er prega av stor gjensidig avhengigheit mellom eit fåtal bransjar: reiseliv, fritidsmarknaden, og ulike servicefunksjonar som støttar desse. Stor andel av omsetning, arbeidsplassar og ringverknader i kommunen heng saman med utviklinga på Tyin-Filefjell og fritidsmarknaden elles. Når reiselivet bremser eller hyttebygginga går ned, forplantar dette seg raskt.	<p>Fleire opplever at kommunen ikkje er tydeleg nok i sine prioriteringar og strategiske val, og at utviklingsprosessar tek for lang tid.</p> <p>Det blir skildra ein situasjon der plan- og byggesaker går sakte, saksgangen er lite føreseieleg, og der initiativ frå næringslivet ikkje i stor nok grad blir møtt med proaktiv dialog og rettleiing.</p> <p>Kommunen understrekar betydninga av at næringslivet får innsikt i reelle rammevilkår for utvikling, for eksempel når det gjeld prosessar med arealutvikling og regulering.</p>	<p>Manglande avklaring rundt reinseanlegg og finansiering løftast som en barriere for vidare utvikling av Tyin-Filefjell.</p> <p>Ei rask og tydeleg avklaring av VA-spørsmålet blir sett på som viktig for å skape føreseielege rådevilkår for næringslivet.</p>	<p>Fleire tek til ordet for å etablere ei betre samarbeidsplattform mellom kommunen, næringslivet og dei regionale utviklingsmiljøa.</p> <p>Samarbeidet er for fragmentert, personavhengig det er for liten grad av strategisk koordinering av gode initiativ på tvers av miljø. Det er behov regelmessige møteplassar, felles prioriteringar og klar arbeidsdeling.</p> <p>Framover vert det viktig å byggje vidare på det gode arbeidet som er starta og sørge for tydelege prioriteringar.</p>	<p>Det blir beskrive eit gap mellom ulike miljø – landbruk, reiseliv, offentleg sektor, kultur, hyttefolk, yngre tilflyttarar og tradisjonelt næringsliv – som gjer at ein ikkje alltid forstår kvarandre sine behov.</p> <p>Framover må ein i større grad sørge for at ein forstår felles behov, at ein jobbar samla om felles utfordringar og at ein legg til rette for at fleire miljø dreg i same retning.</p>	<p>Vang har eit ikkje utnytta potensial i reiselivet, og manglar varme senger, serveringskapasitet og heilårsdrift.</p> <p>For få varme senger gjer at heile opplevingskjeda blir svekt: mindre etterspurnad etter aktivitetar, lågare lønsemd i servering og butikk, og færre arbeidsplassar som kan gi grunnlag for heilårs busetting.</p>

Kompetansebehov, nettverk og rekruttering

Kapasitet og kompetanse innan planlegging av infrastruktur er kritisk for å kome i mål fleire større næringsprosjekt

Ungdommen må reise ut og kome tilbake – vi kan lære av Nordfjordmodellen

Kreative næringar bidreg til at det blir attraktivt å bu, arbeide og besøke Vang

Landbruksnæringa må tilpasse seg nye krav om lausdrift (2034)

Større utbyggingar / anbudsprosessar stiller krav til formalkompetanse

Det er behov for gode «hjelparar» for driftsorienterte bedrifter, f.eks innan økonomi og strategi

Har vi behov for å profesjonalisere styrearbeidet i Vang? Mange har styrer med same leiing og styrerepresentasjon.

Styrke nettverk til fritidsbuarar, frivillige og miljø som ser moglegheiter i Vang med «friske auge»



«Arrangement som Vinjerock med 20-35 som målgruppe set Vang på kartet; vi må utnytte betre potensialet rundt dette»

Konklusjon og tilrådingar

8

Frå analyse til handling

Strategiske val for næringsutvikling i Vang

Dette kapittelet samanfattar og vidarefører hovudfunn frå næringsanalysen, med mål om å gi eit tydeleg grunnlag for strategiske val i den vidare utviklinga av næringsarbeidet i Vang kommune. Utgangspunktet er ei erkjenning av at kommunen har både sterke fortrinn og strukturelle utfordringar, og at ambisjonen om vesentleg vekst i private arbeidsplassar krev målretta prioriteringar, samordna innsats og langsiktig samarbeid på tvers av aktørar og miljø.

Med utgangspunkt i ei SWOT-analyse som baserer seg på innsikt frå kunnskapsgrunnlaget vert det foreslått strategiske satsingsområde for næringsutvikling i Vang. Satsingsområda byggjer på kommunen sine fortrinn, adresserer sentrale utfordringar og reflekterer dei prioriteringane som er framheva som viktige gjennom intervju med ulike interessentar.

Målet er å samle innsatsen om nokre tydelege område der kommunen og næringslivet saman har størst moglegheit til å skape varig verdiskaping og nye arbeidsplassar.

Eit gjennomgåande premiss er at næringsutvikling i Vang ikkje kan sjåast isolert frå samfunnsutvikling, stadutvikling og rekruttering. Skal strategien lukkast, må alle aktørar som bidreg til næringsutvikling – offentlege, private og frivillige – ha ei felles forståing av mål, roller og prioriteringar, og jobbe i same retning over tid.

SWOT - analyse

Vang sine styrkar

- Sterke natur- og stadskvalitetar, snø sikkerheit og strategisk plassering langs E16 (knutepunkt aust/vest) gir grunnlag for reiseliv, handel og tenesteyting.
- Tydeleg lokal identitet og kultur (fjellhistorie, stølstradisjonar, arrangement som Vinjerock og Valdrespelet) som kan nyttast i omdøme og posisjonering.
- Ressursgrunnlag og krafttilgang som opnar for kraftbasert og annan ressursnæring
- Sterke enkeltbedrifter og kompetansemiljø, særleg innan bygg/anlegg, element/betong, mekanisk industri
- Eit variert og aktivt landbruk med gode beitevilkår og ringverknader.
- Låg arbeidsløyse og relativt høg medianinntekt i Valdres-samanheng
- Tilgang på verkemiddel og samarbeid med regionale aktørar (Valdres Næringshage, Visit Valdres, Valdres Natur- og kulturpark)
- Kommunale fond/landbruksfond
- Demografiutvikling er meir positiv enn i Valdres elles

Betydning for framtidig næringsstrategi

- Bygg vidare på «natur + identitet + arrangement» som felles ramme for omdømebygging og heilårs verdiskaping
- Prioriter reisemålsleiing og produktutvikling framfor rein volumvekst.
- Kartlegg mogelegheiter og operasjonaliser kraftfortrinnet: kartlegg industrielle mogelegheiter som kombinerer låg-utsleppskraft og lokal kompetanse (t.d. material, element, småskala foredling, dataintensive nisjar med låg arealbruk).
- Profesjonaliser «klynga» bygg/anlegg: standardar/sertifisering (særleg miljø/klima), felles anbodskompetanse og prosjekt-samarbeid for å vinne større oppdrag.
- Gjer landbruk + reiseliv til ein felles motor: løft lokalmat/foredling, støls- og kulturbasert oppleving, og styrk verdikjedene.
- Aktiv bruk av verkemiddel: målretta bruk av kommunale fond som utløyser Innovasjon Noreg/andre ordningar, med tydelege kriterium knytt til arbeidsplassar, grøn omstilling og kompetanse.
- Ta ut gevinsten av forventa befolkningsvekst: koble næringsstrategi tett til bustad, stadutvikling og rekruttering (tiltak for å konvertere «potensiell vekst» til faktisk tilflytting/etablering)

SWOT - analyse

Vang sine svake sider

- Smal og konjunktursensitiv næringsstruktur med sterk gjensidig avhengigheit mellom hytte/fritid, reiseliv, varehandel og bygg og anlegg. Nedgang i fritidsmarknad slår raskt og breitt.
- Reiselivspotensialet er ikkje utnytta: for få «varme senger», avgrensa serveringskapasitet og sesongvariasjon som svekker heile opplevingskjeda og grunnlaget for heilårsarbeidsplassar.
- Kapasitets- og prosessutfordringar i plan, VA og regulering; opplevd tregleik og lite føreseielege løp. VA-avklaringar (Tyin-Filefjell) som flaskehals.
- Manglar felles retning og struktur for samarbeid; fragmenterte initiativ og personavhengig samspel mellom kommune, næringsliv og regionale miljø.
- Tilgang på formalkompetanse og rekruttering er ei gjennomgåande utfordring; låg ledig arbeidskraft i eit arbeidsmarknad

Betydning for framtidig næringsstrategi

- Breidde og robustheit: prioriter satsingar som reduserer sårbarheit (t.d. meir heilårs reiseliv, kunnskaps-/tenestenæringar, små industrinisjar)
- Reisemålsinfrastruktur først: målretta innsats for varme senger, servering, aktivitetsskapasitet og betre sesongbalanse – kopla til besøksforvaltning og kvalitet.
- Prosessforbetring i kommunen: etablere «serviceløfte» til næringslivet og «utviklingsspor» for prioriterte næringsprosjekt, tidleg dialog, tverrfagleg samarbeid, prioriter ressursar mot VA/plan.
- Formalisér samarbeidsmodellen: felles møteplassar, årshjul for samarbeid, tydeleg rolle-/arbeidsdeling (kommune–næringsliv–regionale miljø) og etablering av felles målbilde
- Etablere kompetanse- og rekrutteringsstrategi der m.a. følgjande inngår systematisk arbeid for fag- og fagskuleløp, praksisplassar, «heimflyttarløype», «hyttekontor», og profesjonalisering av styrearbeid.

SWOT - analyse

Moglegheiter i Vang

- Heilårleg destinasjonsutvikling Tyn-Filefjell – med produkt, kapasitet og reisemålsleiing som kan gi stabile arbeidsplassar og høgare lokal verdiskaping.
- Grøn omstilling og kraftbasert næring – lokalt ressursgrunnlag kombinert med nasjonale/regional føringar gir rom for grøn industri og sirkulære løysingar.
- Sørge for at forventet vekst fører til tilflytting og tilgang til ny kompetanse.
- Fjernarbeid og digitale arbeidsplassar i distrikta; teknologi endrar både landbruk, bygg og reiseliv og opnar for nye tenester.
- Hyttebuarar, sterke arrangement og kreativ næring som markerer Vang nasjonalt og kan bli inngangsport til nye nettverk/investorar.
- Verkemiddelapparatet (Innovasjon Noreg m.fl.) og kommunale næringsfond kan utløyse nye prosjekt innan nytt og eksisterande næringsliv.

Betydning for framtidig næringsstrategi

- Prioriter heilårige reiselivsprodukt: kombinér varme sengar, aktivitetsbasert turisme, løype- og anleggsutvikling og lokalmat/foredling – under ei profesjonell reisemålsleiing og besøksforvaltning.
- Grøn næring som vekstmotor: identifiser 2–3 realistiske grønne industrispor (t.d. tre/bygg-material, gjenbruk/element, energi-/kraftnære tenester) med areal, straum og kompetanseplan.
- Digital omstilling i breidda: program for teknologi- og kompetanseløft næringslivet; møteplassar for kunnskapsdeling og leverandørutvikling.
- Utvikle rekrutteringspakker: målretta innsats for nå miljø som investor, arbeidskraft og heim-/tilflyttar; koble bustad, barnehage/skule, fritid og natur tettare til arbeidsgjevarar.
- Bygg portefølje av prioriterte prosjekt og bruk kommunale verkemiddel til å utløyse ekstern finansiering, med klare krav til arbeidsplassar og grøn effekt.

SWOT - analyse

Barrierer for vekst og utvikling i Vang

- Sterk avhengigheit av fritidsmarknaden; rente/kostnadsendringar og etterspurnadsfall slår raskt i Vang (nedgang i omsetning og lønsemd 2022–2024).
- Regional aldring og konkurranse om arbeidskraft – aukande press på rekruttering, særleg i bransjar med behov for formalkompetanse.
- Flaskehalsar i infrastruktur og VA, særleg på Tyin-Filefjell; risiko for stillstand og tapte investeringar
- Krav til omstilling i landbruket (t.d. overgang til lausdrift) med store investeringsbehov; risiko for fråfall/strukturendring
- Klima, natur og arealkonfliktar – skjerpa krav i plan/forvaltning kan redusere handlingsrom om ein ikkje jobbar kunnskapsbasert og i dialog.

Betydning for framtidig næringsstrategi

- Aktiv porteføljebygging av næringar/produkt som ikkje er så konjunktur- og hytteavhengige
- Rekrutterings- og kompetansestrategi som kjerne i næringsplanen: fagløy, praksis, bedriftsnettverk for rekruttering, samarbeid med naboregionar og «to-jobb»-løysingar
- VA/plan som førstelags prioritet: eigne milepælsplanar for kritiske anlegg; prosjektfinansiering og tett private-offentlege samarbeidsmodellar for gjennomføring.
- Landbruksomstilling: pakke av rådgjeving/finansiering for lausdrift, teknologiinvesteringar og verdikjede-samarbeid (foredling, lokalmat, oppleving).
- Utvikle kunnskapsgrunnlag for utviklingsprosjekt og sørg for tidleg dialog for å unngå unødige interessekonflikter.

Innspel til viktige innsatsområde framover (1/2)

Innsatsområde	Aktivt jobbe for å utvikle Vang sitt omdøme for bu- /arbeidsplass og besøkskommune	Utvikle kompetanse for eit framtidretta næringsliv	Utvikle Vang som reisemål	Utvikle nytt næringsliv og nye verdikjeder
Kva skal vi oppnå?	Utvikle ein felles og samlande profil som posisjonerer Vang som bu- og arbeidskommune, og som gjer Vang attraktiv for investor. Spel på stadskvalitetar som natur, identitet og heilårstilbod	Etablere ein kompetansestrategi for rekruttering, fag- /leiarutvikling, arbeidsmiljø og digital omstilling i eksisterande næringsliv. Fokus på å skape trivelege og inkluderande arbeidsplassar for å ta vare på dei tilsette og styrke omdømet.	Tyin-Filefjell tek ut potensialet i «masterplan» i kombinasjon med utvikling av øvrig reiseliv i heile kommunen. Skal med dette oppnå støre breidde i tilbod, heilårs aktivitet og arbeidsplassar i reiselivet.	Etablering av større, nye verksemder som gjer dagens næringsstruktur mindre sårbar. Samarbeid med lokale verksemder for å bygge nye, lokale verdikjeder.
Kva vil det kreve?	Felles bodskap på tvers av aktørar og målretta kampanjar der viktige kvalitetar vert framheva og repetert. Involver lokalt næringsliv, innbyggjarar og hyttebuarar og bruk dei som ambassadørar.	Utvikling av næringsmiljø som samarbeider på tvers. Vurder etablering av bedriftsnettverk, «tilflyttarløype», kurs- /kompetansetilbod og systematisk arbeid med å profesjonalisere styrearbeid.	Reisemålsleiing på tvers av miljø, god besøksforvaltning, produktutvikling (lokalmat, støls- og kulturopplevingar og naturbasert turisme) samt anleggs-/kapasitetsutvikling.	Marknadsføring og tilrettelegging av «gryteklare» næringsareal. Aktiv og offensiv dialog ut mot relevante miljø der ein synleggjer potensial knytt til areal, grøn energi og finansiering gjennom næringsfond.

Innspel til viktige innsatsområde framover (2/2)

Innsatsområde	Styrk landbruket og bygg nye verdikjeder rundt dagens aktivitet	Legg til rette for utvikling av kreative næringer	Etablere «serviceløfte» for nærings saker	Etablere forpliktande samarbeid og bygg sterke næringsmiljø
Kva skal vi oppnå?	<p>Gode rammevilkår for omstilling til lausdrift frå 2034 for å oppretthalde dagens nivå.</p> <p>Ta ut potensialet i næringsutvikling rundt landbruket, for eksempel innan reiseliv og matforedling.</p>	<p>Utnytte potensialet som ligg i å utvikle nye arrangement, tiltrekke seg større publikum og til å styrke omdøme til Vang som bu-, besøks- og arbeidskommune.</p>	<p>At kommunen vert ein føreseieleg, tydleg og aktiv tilretteleggar for næringsutvikling. Serviceløftet skal klargjere kva næringslivet kan forvente av kommunen, m.a. når det gjeld responstid, dialog, rettleiing og koordinering på tvers av fagområde.</p>	<p>Etablere «Vang næringsforum» med årshjul, felles prioriteringar og klar rolle-/arbeidsdeling (kommune–næringsliv–regionale miljø).</p>
Kva vil det kreve?	<p>Kompetanseheving gjennom nettverk og deling av gode, praktiske eksempel i landbruket og tilgang til nasjonale, regionale og lokale tilskotsordningar.</p> <p>Målretta satsing på auka verdiskaping rundt landbruket, for eksempel når det gjeld turisme og matforedling.</p>	<p>Utvikle samarbeidsmodellen mellom reiseliv–kreativ næring og øvrig næringsliv. Næringsfondet og støtte frå lokalt næringsliv vert truleg ein viktig føresetnad for å lukkast.</p>	<p>Serviceløftet må vere prioritert av politisk og administrativ toppleiing. Det må vere semje om at dette er ei strategisk oppgåve, og at kommunen jobbar tverrfagleg og samordna. Tydleg og god forventnings- avklaring vert viktig.</p>	<p>Felles mål og strategiske satsingar (næringsplanen).</p> <p>Tydleg rolle- og forventningsavklaring: Kven gjer kva?</p> <p>Framsnakk og Samarbeid!</p>



Vedlegg



Vedlegg 1, oversikt over medvirkningsaktører

Bransje / aktør

Bygg- og anleggssektoren

Reiselivsvirksomheter

Varehandel

Landbruksvirksomheter

Kultur

Kontorfellesskap

Vang Energiverk

Valdres sparebank

Visit Valdres

Valdres Natur- og kulturpark

Valdres næringshage

Vang kommune administrasjon

Vang kommune formannskap

Vedlegg 2, referanseliste

Distriktssenteret. (2020). *Distriktskommuner som lykkes godt med næringsutvikling*. Hentet fra <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2020/05/Distriktskommuner-som-lykkes-godt-med-naringsutvikling.pdf>

Distriktssenteret. (2022). *Hvordan rigge seg for å bli best på næringsutvikling* (Opprinnelig publisert 2018). Hentet fra <https://distriktssenteret.no/artikkel/notat-hvordan-rigge-seg-for-a-bli-best-pa-naeringsutvikling/>

Flatnes, A. (2018). *Omstilling og styrket utviklingsevne. Videreføring av næringsutviklingsarbeid etter avsluttet omstillingsprogram*. Oxford Research. Hentet fra <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2020/03/Oxford-Research-2018-Omstilling-og-styrket-utviklingsevne.pdf>

Hermelin, B. & Trygg, K. (2018). *Lokalt utvecklings- og tillväxtarbete. – En studie av kommunernas näringslivsfunktioner*. Hentet fra <https://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:1284702/FULLTEXT01.pdf>

Torége, J. (2019). *Den strategiske mångsysslaren - 10 år senare. Enkätundersökning om kommunernas näringslivsarbete med återkoppling till undersökningen 2008*. Stockholm: Sveriges Kommuner och Landsting